



Din kunnskap – Vår framtid

Kunnskap – engasjement – toleranse – nysgjerrighet - respekt

Innhold

Visjon og verdier	3
Framtidsbilde og kvalitetsmål	4
Prinsipp for opplæringa.....	5
Motivasjon for læring og læringsstrategiar	5
Elevmedverknad	6
Tilpassa opplæring og likeverdige føresetnader.....	6
Lærer – kompetanse og rolle.....	6
Samarbeid med heimen	6
Samarbeid med lokalsamfunnet.....	7
Skulen sitt satsingsområde 2017-2018	8
HANDLINGSPLAN	9
Relasjonskompetanse er avgjerande for læring, vurderingspraksis og læreringsmiljø	10
Vidaregåande lesekompetanse	10
Vurdering og framovermelding	11
KVALITETSMÅL: ELEVANE opplever skulekvardagen trygg og støttande både psykososialt og fagleg.....	12
KVALITETSMÅL: LÆRARANE fremjar motivasjon gjennom fagleg samarbeid og gjennom å bygge gode relasjonar ..	13

Visjon og verdiar

Din kunnskap – Vår framtid



Verdiane våre skal vere tydelege kvar dag, i arbeidet vi utfører og i vår sosiale fellesskap

a) Kunnskap

Vi utvidar eigen kunnskap og skapar ny kunnskap saman

b) Engasjement

Vi viser på ulike måtar at fag, skulen, kollegaer, elevar, læringsresultat og samfunnet omkring oss er viktig for oss.

c) Toleranse

Vi er rause og inkluderande, og tåler andre sine meiningar og haldningar

d) Nysgjerrigheit

Vi stiller spørsmål, undersøker, er kreative og leitar etter ny kunnskap

e) Respekt

Vi anerkjenner kvarandre, og møter kvarandre som likeverdige

Framtidsbilde og kvalitetsmål

Relasjonsbygging- med vekt på motivasjon, profesjonsutvikling og samarbeid

Vi skal arbeide mot disse tre overordna kvalitetsmåla skuleåret 2017-2018:

1. ELEVANE opplever skulekvardagen trygg og støttande både psykososialt og fagleg
2. LÆRARANE fremjar motivasjon gjennom fagleg samarbeid og gjennom å bygge gode relasjonar
3. LEIINGA utøver ei strukturell støtte som fremjar relasjonsbygging og kompetanseheving

Prinsipp for opplæringa (pedagogisk plattform)

Forskrifta **"Prinsipp for opplæringa"**, som er ein del av læreplanverket for Kunnskapsløftet, skal medverke til at opplæringa er i samsvar med lover og forskrifter, og skal vere ein del av grunnlaget for å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa. "Prinsipp for opplæringa", inkludert læringsplakaten, ligg i "Handbok for lærarar" i Fronter.

Måla for opplæringa kan ein dele i to overordna oppgåver:

1. Opplæringa skal gje ungdomen best mogleg kompetanse(læringsutbytte)
2. Opplæringa skal setje ungdomane i stand til å møte livet personleg og sosialt (danningsperspektivet)

All aktivitet ved skulen har som føremål å sikre ei god opplæring for elevane. Her nemner vi nokre av dei aktivitetane og tiltaka som medverkar til å oppfylle krava i "Prinsipp for opplæringa".

Sosial og kulturell kompetanse

For å utvikle den sosiale og kulturelle kompetansen til elevane legg skulen til rette for ein god skulestart og fleire sosiale og kulturelle tilbod gjennom skuleåret

- Bli kjent-tur ved skulestart
- Den kulturelle skulesekken
- Miljøveke. Klassane har ansvar for miljøtiltak og orden. Miljøpris for beste klasse.
- Aktivitetsdagar

Motivasjon for læring og læringsstrategiar

Motiverte elevar har lyst til å lære. Motivasjonsfaktorar som skal leggest vekt på, er m.a.

- Å oppleve meistring. Dette gjennom å få utfordringar ein kan strekkje seg mot og som ein samstundes har føresetnader for å meistre.
- Vidaregåande lesekompetanse med ein medviten bruk av lesestrategiar
- Fagleg trygge, engasjerte og inspirerande lærarar
- Bruk av varierte arbeidsmåtar
- Aktivt medverkande elevar
- Klare og kjende læringsmål og kjenneteikn på oppnådde mål
- Vurdering undervegs, for læring
- Lærarane legg til rette for eigenvurdering – elevane vurderer i kva grad dei har nådd måla, eigen innsats, eigne arbeidsmåtar m.a.
- Elevsamtale minimum ein gong per termin

Elevmedverknad

Elevmedverknad inneber deltaking i demokratiske avgjerdsprosessar og stimulans til samfunnsengasjement. Elevane skal delta i planlegging, gjennomføring og vurdering av eiga opplæring. Viktige tiltak ved skulen er m.a.

- Opplæring av tillitsvalde elevar
- Kontaktperson og tilrettelegging for elevråd
- Faste møte mellom leiargruppa og elevrådsstyret
- Elevrådsstyret møter i fellesmøte for lærarane minst ein gong per halvår
- Kvar klasse har klassesstime ein midttime per veke
- Delta i Skulemiljøutval, Skuleutval, Folkehelsegruppe
- Miljøveke – går på omgang. Ein klasse har ansvar for miljøtiltak og orden.
- Lage klassereglar
- Dialog om oppsett av prøveplan og periodeplanar med lærarar
- Stille klare krav og forventningar til elevane si aktive deltaking og elevane sitt ansvar som elevar og medlemmer i klassar, grupper og heile skulesamfunnet
- Års- og periodeplanar i Fronter skal gjere det mogeleg for elevane å planlegge eige arbeid

Tilpassa opplæring og likeverdige føresetnader

- Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet
- Legge vekt på å utvikle eit godt fellesskap og eit godt og inkluderande læringsmiljø, der alle kan bidra, føle seg trygge og lære av kvarandre
- Oppleving av meistring. Det vil seie at eleven møter utfordringar som eleven kan strekkje seg mot og som han/ho har føresetnader for å meistre
- Differensiering (t.d. nivå-differensiering) og variasjon i arbeidsmåtar og læringsarenaer
- Kunnskap og bevisstgjerjing om gode arbeidsmåtar/-vanar for å lære

Lærarkompetanse og rolle

- Høg fagleg, didaktisk og pedagogisk kompetanse skal sikrast gjennom rekruttering, delings- og samarbeidskultur, gjennom fagleg og pedagogisk kollektiv kompetanseheving, bygd på forskning.
- Lærarane på Hafstad vidaregåande skule skal
 - vise motivasjon, interesse og engasjement
 - vere ambisiøse på elevane sine vegner
 - vere tydelege leiarar gjennom forventningar og krav til elevane
 - vere tydelege på elevane sine rettar og plikter
 - følgje opp ordensreglementet
 - vere ein god vaksenperson og rollemodell
- Læraren må sjå kvar elev, kjenne namnet på alle elevane og bruke elevens namn
- Læraren skal reagere først og fremst på positive, men også på ikkje-akseptabel atferd, jf. 5-1-regelen

Samarbeid med heimen

Foreldre og føresette har hovudansvaret for eigne barn, og dei har stor innverknad på elevane sitt læringsutbytte. Difor er samarbeidet med foreldre/føresette svært sentralt og viktig. Dette sikrar vi gjennom m.a.

- Foreldremøte for Vg1-elevane
 - 1. skuledag for generell informasjon
 - Primo oktober der dei møter kontaktlærarar og rådgjevarar
 - Medio januar der dei møter kontaktlærar og faglærarar
- Foreldremøte for Vg2-elevar
 - Medio oktober møte med kontaktlærar
 - Møte med kontaktlærar og faglærarar i desember

- Orientering om fagtilbod ved skulen, tiltak/arrangement
- Varselskriv, t.d. ved stort fråvær og brot på ordensreglementet
- Informasjon på skulen si heimeside
- Foreldretilgang i SkuleArena

Samarbeid er eit gjensidig ansvar. Skulen tek initiativ, som skissert over, men foreldre/føresette må i tillegg kontakte skulen v/ rektor, kontaktlærarar eller faglærarar ved behov.

Samarbeid med lokalsamfunnet

Eit samspel mellom skule, nærings- og arbeidsliv, kunst- og kulturliv og andre aktørar i lokalsamfunnet skal sikre breidde og mangfald i opplæringa. Vidare skal skulen vere pådrivar i arbeidet med å sikre god overgang til vidaregåande skule og til læretid og høgare utdanning. Skulen ønskjer å vere open mot samfunnet omkring. Dette får vi til m.a. gjennom slike tiltak:

- Partnerskapsavtalar med bedrifter og organisasjonar i Førde
- Gründercamp
- Ungdomsbedrifter
- Nettverkssamarbeid med ungdomsskulane i regionen
- Utdanningsval – eit samarbeid mellom dei vidaregåande skulane, ungdomsskulane og kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal

Skulen sine satsingsområde 2017-2018

For å auke motivasjonen og læringsutbytte for elevane vil satsingsområda vere basert på framtidsbildet lærarkollegiet var med og utforma under den eksterne skulevurderinga hausten 2016:

Relasjonsbygging - med vekt på motivasjon, profesjonsutvikling og samarbeid

Det skal vere særleg fokus på

- **At team/seksjonsmøter fungerer som lærande profesjonsmøter**
- **Vidaregåande lesekompetanse**

HANDLINGSPLAN

RELASJONSBYGGING – MED VEKT PÅ MOTIVASJON, PROFESJONSUTVIKLING OG SAMARBEID

I St.meld. nr 30 (2003-2004) *Kultur for læring*, grunnlaget for KL-2006 og St.meld. nr 31 (2007-2008) *Kvalitet i skolen*, er det fokus på kunnskapssamfunnet med auka trykk på kunnskap og læringsutbytte. Det blir peika på at skulane må ha evne til å ta i bruk, forvalte og utvikle kompetansen til lærarane. Det blir understreka auka behov for fagleg og pedagogisk leing der det blir lagt vekt på korleis ein kan ivareta eiga læring og bli effektive lærande organisasjonar. Vidare blir det vist til at skulen sin viktigaste ressurs er gode lærarar og skuleleiarar.

Knut Roald (2010) har oversett Peter Senge (1990:3) sin definisjon av lærande organisasjonar slik:

"...organisasjonar der deltakarane jamleg utviklar evna til å skape ønska resultat, der nye og ekspansive tankesett blir framelska, der kollektive ambisjonar får spelerom, og der menneska kontinuerleg lærer meir om korleis ein lærer saman" (Roald, 2010):20).

«Strategi for kompetanseutvikling beskriver hovedutfordringene for skolen som lærende organisasjon som "utvikling av læringsmiljøet og organisering av det slik at det best mulig fremmer læring, for elever og for personalet som profesjonelt fellesskap". Strategien har sin bakgrunn i stortingsmeldingen Kultur for læring. Der pekes det på at skolens læringskultur kan hemmes av at skolen som organisasjon mangler en tradisjon for å reflektere over den kunnskapen både skolen og hver enkelt medarbeider i skolen sitter inne med, og hvordan denne kunnskapen kan spres og deles» (Udir 2007:4. Artikkel 2, En Lærende skole)

Det sosiokulturelle læringsperspektivet legg vekt på at kunnskap blir konstruert gjennom samhandling og interaksjon og at samhandling er grunnleggande for læring (Vygotsky,1981,2000.),(Dysthe, 2001). Senge (1999) viser til at *teamlæring* handlar om å lære å lære i eit sosialt fellesskap, samt evne til å delta i kollektive læringsprosessar der ein er samkøyrd i felles retning.

I eit inkluderande skulemiljø finn ein større fagleg engasjement, høgare innsats og større trivsel (Hattie, 2012). Utdanningsdirektoratet seier dette slik: *«Skolens arbeid med å utvikle gode og inkluderende fellesskap vil ikke bare være positivt for elevenes sosiale og personlege utvikling, det vil også fremme undervisning og faglig læring»* (Utdanningsdirektoratet, 2012).

I handlingsprogrammet for vidaregåande opplæring for perioden 2016-2017 har fylkesdirektøren prioritert dei innsatsområda som det er viktigast å vidareføre med tanke på å nå måla i fylket sin Mål- og strategiplan for perioden 2012-2015. I tråd med dette legg Hafstad vidaregåande skule framtidsbilde sitt til grunn for satsingsområda; Relasjonsbygging - med vekt på motivasjon, profesjonsutvikling og samarbeid, jf. side 8.

Relasjonskompetanse er avgjerande for læring, vurderingspraksis og læringsmiljø

Lærarane og leiinga sin **relasjonskompetanse** er avgjerande for utvikling av eit godt læringsmiljø, god vurderingspraksis og elevane sin motivasjon og læring. Foreldra er viktige for elevene si læring og lærarar med relasjonskompetanse bygger alliansar med foreldra og møter dei på ein profesjonell måte.

Utvikling av gode relasjonar til alle elevar og emosjonell støtte i læringsarbeidet gjer at klimaet i klassen blir trygt. Gode relasjonar lettar læringsdialogen og gjer at eleven lettare føler seg verdsatt.

Gode relasjonar ser vi også på som viktige for **samarbeid og utvikling av ein kollektiv delings- og læringskultur**, der fokus er elevane sitt læringsutbytte. Den enkelte lærar må oppleve og bidra til ein kollektiv delings- og læringskultur, på dei ulike samhandlingsarenaene.

Vidaregåande lesekompetanse

For å auke motivasjon og læringsutbytte ser vi det som viktig å styrke elevane sin lesekompetanse slik at lesing kan bli ein reiskap for læring. Elevane vil ha nytte av å lære medvite bruk av lesestrategiar og spesialiserte lesemåtar knytt til einskilde fagdisiplinar. Det handlar om at elevane skal få utvikle sine språklege ferdigheiter, kodingsferdigheiter, strategiske ferdigheiter og engasjement for lesing. Udir (2015) beskriv fire komponentar læraren bør fokusere på i arbeidet med lesing i alle fag:

- Å utvikle gode språklege ferdigheiter
 - Å lære eit fag er å lære faget sitt språk
 - Faga har ulike tekstar og ulike sjangrar
 - Det er ein klar samheng mellom ordforråd og leseforståing
 - Tekstar i ulike fag må lesast på ulike måtar
- Å utvikle gode kodingsferdigheiter
 - God leseundervisning har fokus på å fremme avkodingsferdigheiter
 - Kunnskap om korleis ein tekst er bygd opp, lettar forståinga
 - Overskrifter, ingressar, oversikter og oppsummering gjev god støtte
- Å utvikle strategiske lesarar
 - Lesestrategiar er tiltak lesaren set i verk for å fremme forståing
 - Korleis arbeide før lesinga tek til?
 - Korleis arbeide under sjølve lesinga?
- Å utvikle motiverte og engasjerte lesarar
 - Motivasjon verkar inn på prestasjonar i lesing
 - Klare mål og gode tilbakemeldingar gjev eleven tru på egne ferdigheiter
 - Engasjement skapar drivkraft i lesinga

- Leselyst kan dyrkast fram gjennom gode leseopplevingar
- Høgtlesing kan bidra til kultur for lesing

Vurdering og framovermelding

Vurdering av elevane sine prestasjonar, arbeid eller oppgåver, er viktig grunnlag for vidare læring og motivasjon. Både elev og lærar må nytte vurderingsinformasjonen til å justere eiga læring og undervisningsopplegg . Læraren må gje tilbakemelding til elevane og direkte instruksjonar om arbeidsinnsats, læringsmål og åtferd (Hattie, 2009).

God vurdering og framovermelding har slike kjenneteikn:

- Eleven kjenner kompetansemåla og kva han/ho faktisk skal kunne
- Eleven kjenner kjenneteikna han/ho vert vurdert etter
- Eleven får vist eiga måloppnåing
- Eleven opplever samanheng mellom læringsprosessen og vurderinga
- Læraren gir framovermeldingar – kva bør arbeidast vidare med og korleis
- Læraren legg til rette for, og har stort fokus på eigenvurdering
- Vurderinga fører til auka læring
- Elevar og lærarar opplever vurderinga som rettvis. Lærar gir grunngeve tilbakemeldingar

KVALITETSMÅL: ELEVANE opplever skulekvardagen trygg og støttande både psykososialt og fagleg

<p>Alle elevar</p> <ul style="list-style-type: none"> • har minst ein ven dei kjenner seg trygge på 	<p>Eleven opplever</p> <ul style="list-style-type: none"> - ein god skulestart der det er lagt til rette for at ein blir inkludert i eit godt klasse- og skulemiljø - bli- kjent aktivitetar for å knytte kontaktar
<ul style="list-style-type: none"> • blir sett av læraren 	<p>Eleven opplever</p> <ul style="list-style-type: none"> - både formell og uformell dialog med lærar i høve trivsel og fag - å få rettleiing og framovermeldingar som motiverer for auka læring - å få tilpassa undervisningsopplegg for å ha noko å strekke seg mot utifrå egne føresetnadar
<ul style="list-style-type: none"> • opplever positive forventningar i eit læringsmiljø som er opent, variert og rettleiande 	<p>Eleven opplever</p> <ul style="list-style-type: none"> - lærarar og tilsette med eit positivt elevsyn og utgangspunkt i den enkelte elev sin ståstad - varierte undervisnings- og vurderingsopplegg - rettleiing og framovermeldingar som motiverer for auka læring
<ul style="list-style-type: none"> • viser fagleg mot, sosial tryggleik og kan samarbeide med alle 	<p>Eleven opplever</p> <ul style="list-style-type: none"> - at det er lagt til rette for utvikling av eit trygt og godt læringsmiljø
<ul style="list-style-type: none"> • opplever både meistring og fagleg utfordringar 	<p>Eleven opplever</p> <ul style="list-style-type: none"> - å få tilpassa undervisningsopplegg og framovermeldingar som gjev noko å strekkje seg etter og motiverer for meir læring

KVALITETSMÅL: LÆRARANE fremjar motivasjon gjennom fagleg samarbeid og gjennom å bygge gode relasjonar;				
Lærarane	Tiltak nr.	TILTAK	Ansvar	Samarbeid
<ul style="list-style-type: none"> viser at ein bryr seg om kvar einskild elev 	1.	God skulestart: <ul style="list-style-type: none"> Etablere band mellom nye elevar og lærarar, skape gruppetilhøyring. Avdekke forventningar, lage felles reglar og sette mål for klassen for skuleåret. Planlegge og gjennomføre sosiale aktivitetar som skapar inkludering og tilhøyrighet, t.d. turar/aktivitetsdagar. I elevsamtaler skal eleven sin trivsel og det psykososiale læringsmiljø vere fast tema 	Faglærer	Miljøkoord Elevane
	2.	Drømmeskulen: <ul style="list-style-type: none"> Implementere og drifte Drømmeskulen i Vg1-klassane. Gjennomføre Drømmeklassen 1 og 2 og «Ha-det-bra» samlingar. Rekrutere elevmentorar. 	Ped.l Kontaktl	Miljøkoord Elevane
<ul style="list-style-type: none"> har positive forventingar til eleven og støttar han til framgang 	3.	Støttande lærar: <ul style="list-style-type: none"> Utvikle gode relasjonar til alle elevane, slik at klimaet i klassen/faggruppa blir trygt og den enkelte elev føler seg sett og verdsett som individ, føler mestring og føler seg godteken og inkludert i det sosiale fellesskapet. Støtte og følgje opp elevar som av ulike grunna slit med å finne seg til rette på skulen. 	Faglærer	Elevane
	4.	Kompetansemål og vurderingskriterium: <ul style="list-style-type: none"> Lærarane presenterer kompetansemåla til elevane - enten ved å dele ut kompetansemåla, legge dei i Fronter, eller ved å føre dei opp på oppgåvearka. Det er lurt å bryte ned kompetansemåla og konkretisere måla for oppgåvene. Informere elevane om vurderingskriteria for oppgåvene. Konkretisere kva ein ser etter i vurderinga, og sette opp viktige vurderingspunkt på oppgåvearket. 	Faglærer	Elevane
	5.	Framovermeldingar og undervegsvurdering: <ul style="list-style-type: none"> Gje elevane framovermeldingar som fortel om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen og kva dei må jobbe vidare med for å heve nivået sitt, som ein del av læringsprosessen. Ha tydelege rammer/matriser som viser eleven kva han må prestere i faget for å oppnå ein gitt karakter. Elevane vurderer kvarandre sine oppgåver, utan karakterar. 	Faglærer	Elevane

		<ul style="list-style-type: none"> Fagsamtalar, som formell samtale med den enkelte elev kvart halvår. Om utviklinga i høve kompetansemåla. Munnleg rettleiing i korleis eleven kan utvikle/heve nivået sitt. Elevane signerer på liste om at dei har hatt fagsamtale. Samtala bør gjennomførast før fagdagar. 		
<ul style="list-style-type: none"> arbeider aktivt for/syter for/legg vekt på elevmedverknad i undervisninga 	6.	Jamnleg dialog med elevane; <ul style="list-style-type: none"> om undervisningsopplegg, læringsutbytte, læringsstrategiar og organisering av eiga læring (planlegging, gjennomføre, eigenvurdering/ refleksjon over ny kunnskap og bruken av den) eigenvurdering er ein del av undervegsvurderinga. Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid og fagleg utvikling 	Faglærer	Elevane
<ul style="list-style-type: none"> er fagleg dyktige og engasjerte i eleven si læring 	7.	Tilpasse og variere undervisningsmetodane slik at den enkelte elev opplever meistring og motivasjon.	Faglærer	Elevane
	8.	Lære elevane vidaregåande lesekompetanse og medviten bruk av lesestrategiar; legg til rette for at elevane får <ul style="list-style-type: none"> utvikla gode lesestrategiar utvikle gode språklege fedigheiter lærer faget sitt språk lese ulike fagspesifikke tekstar og ulike sjangrar utvikle gode kodingsferdigheiter kunnskap om korleis ein tekst er bygd opp utvikle strategiske lesarar utvikle motivasjon og blir engasjerte lesarar 	Faglærer	Anita
<ul style="list-style-type: none"> deler undervisningsopplegg, samarbeider på tvers av fag og støttar kvarandre; 	9.	Delingskultur og kompetanseheving: Bidreg aktivt til ein delings- og samarbeidskultur der profesjonsutvikling og kollektiv læring har eleven sitt læringsutbytte som fokus.	Faglærer	Faglærara
	10.	Lærande møtearena: Bidra til at team-/seksjonsmøta/tverrfagleg forum fungerer som kollektive delings- og læringsarena	Faglærer	team/seksjon
	11.	Felles forståing: Samordne vurderingspraksisen. Finne ut kva som skal kjenneteikne låg, middels og høg måloppnåing i dei ulike faga.	Faglærer	Seksjon
	12.	Handle utifrå ei fellesskapstenking og vi-kjensle: Våre elevar skal handle utifrå felles ansvarskjensle for alle elevane. Vi-kjensla: Vi er del av eit samla team som skule.	Faglærer	

LEINGA utøver ei strukturell støtte som fremjar relasjonsbygging og kompetanseheving

KVALITETSMÅL		TILTAK	SAMARBEID
Er synleg for alle	1.	<p>«Walk around» for å møte elevar og tilsette, gjennom uformell dialog bygge relasjonar og gje tilbakemeldingar. Kommunisere felles verdiar, visjonar og målsettingar med eleven sitt læringsutbytte i fokus.</p> <p>Handle utifrå ei fellesskapstenking og vi-kjensle: Våre elevar – handle og rettleie i tråd med felles ansvarskjensle for alle elevane. Vi-kjensla- vi er del av eit samla team for heile skule.</p>	
Har struktur på pedagogisk refleksjon og kompetansedeling/heving;	2.	<p>Legge til rette dei strukturelle faktorane for læring i team og profesjonsutvikling: Rydde plass til møtearenaer. Struktur på møtearenaer.</p> <p>Legge til rette for deltaking i nettverk med skular og bedrifter det er naturleg å samarbeide med.</p>	Lærarane
Er aktive i det pedagogiske arbeidet og medverkar til gjensidig forståing;	3.	<p>Påverke til utvikling av ein lærande kultur: Sørgjer for tydelege visjonar og målsettingar. Utfordre til refleksjon og undring rundt pedagogisk praksis og handlingsteoriar.</p> <p>Gjennomføre skulevandring med tilbakemeldingar.</p>	Lærarane
Arbeider aktivt med elevdemokratiet;	4.	<p>Samarbeid med elevråd/elevstyret. Jamnelege møter mellom elevstyret og leiing. Opplæring i elevrådsarbeid.</p> <p>Elevdeltaking i skulemiljøutvalet, skuleutvalet og folkehelsegruppa som evaluerer skulemiljøet og foreslår tiltak for å betre miljøet. Folkehelsegruppa utarbeider handlingsplan for å sikre alle elevar eit godt fysisk og psykososialt miljø. Skulemiljøet skal vere tema i møte med elevrådet (styret) og leiinga.</p>	Miljø-koordinator Elevråd/-styre
Gjennomfører utviklingssamtaler	5.	<p>Årlege utviklingssamtaler sett i system, der kvar einskild set opp eigne utviklingsmål med utgangspunkt i utviklingsplan.</p> <p>Formell og uformell oppfølging av individuelle mål gjennom den jamnelege dialogen.</p>	Lærarane

OPPFØLGING

1. Planen gjeld for 2017-2018. Den kan justerast undervegs. Lærarar, elevar og tillitsvalde skal involverast i dette arbeidet.
2. Utviklingsplanen(utvalde tema) skal minst to gonger per termin diskuterast/sjekkast ut i leiarmøte.
3. Utviklingsplanen(utvalde tema) skal minst ein gong per termin diskuterast i seksjonar.
4. Utviklingsplanen skal vere eit tema i medarbeidarsamtalar der den enkelte set opp eigne utviklingsmål

11.08.17

Nina Bygstad
Rektor